



Statens vegvesen

Kvam herad
Grovagjelet 16
5600 NORHEIMSUND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Veseth Kinden / 56520261

Vår referanse:
16/25829-1

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.02.2016

Rekkjefylgjekrav i kommunedelplan for Kvamskogen – spørsmål om auka utnyttingsgrad og uteboder

I føresegnene til kommunedelplanen for Kvamskogen står det:

“På strekkja mellom NAF´en og Ungdomsheimen skal det gjennomførast ny regulering og opparbeiding av gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar før det kan gjennomførast vidare utbygging.”

Statens vegvesen har tidlegare presisert at dette gjeld all utbygging som ikkje er i samsvar med godkjent reguleringsplan eller disposisjonsplan vedteken før 01.01.2000. Hovudføremålet er å hindra at det vert oppført nye einingar som ikkje er i samsvar med nemnte planar. Kommunedelplanen opnar for å auka utnyttingsgrad for hytter frå 90 til 150 m². Kvam herad har tolka det slik at rekkjefylgjekravet også omfattar auka utnyttingsgrad for hytter, samt bygging av eventuelle uteboder. Statens vegvesen meiner at ein her kan skilja mellom nybygg og tilbygg/påbygg:

- Det kan tillatast oppføring av uteboder.
- Det kan opnast for tilbygg/påbygg og auka utnytting frå 90 til 150 m², men ein kan ikkje auke utnytting som inneber oppdeling til fleire einingar. Eventuell oppdeling skal ikkje skje før rekkjefylgjekravet er gjennomført.
- Det er ikkje tillate med oppføring av nye einingar dersom tiltaket ikkje er i samsvar med godkjent reguleringsplan eller disposisjonsplan vedteken før 01.01.2000.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl- Erik Nielsen
Seksjonssjef

Kari Veseth Kinden

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.